

Helselaget treng ein ny giv

02.01.2014



Dette er styret i helselaget: Selma Eik, Berit H. Myklebust, Hilda Guddal, Margit Eik og Eli Roseth Eik

**Det tidlegare så aktive helselaget i bygda treng ein ny giv.  
Leiar Selma Eik innrømmer det ope og styret tek no eit  
initiativ for å auka aktiviteten, Tysdag kveld, klokka 19 er  
det innkalla til møte i Gamleskulen og på sakslista står  
VEGEN VIDARE.**

Det står i inkallinga at laget treng fleire medlemmer.  
Selma presiserar at det forsåvidt ikkje manglar medlemmer  
- talet er botimot 100. Det ein framfor alt manglar er fleire  
aktive medlemmer og håpet er at møtet skal bidra til det.

Det er også ynskjeleg med innspel om nye tiltak.  
- Det har vore lite aktivitet i den seinare tid. Det siste vi har gjort  
er å pakka dei tradisjonelle julepakkane til Valen. No ynskjer vi  
innspel med idear om nye arbeidsoppgåver, seier Selma.  
Årsmøtet skal haldast i mars og så skal det gjerast opp ein  
status.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen